

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggeleg blad gitt ut av Norsk Luthersk Lekmannsmisjon

Nr. 3

Juni 1966

2. årgang

Et brev til deg som søker

Kjære søkerende venn !

I dag har jeg en hilsen til deg fra den frelser du nå lengter så etter å møte.

Når det gjelder din frelse så er det slik med deg som det er med oss alle når vi søker Gud : Vi bedømmer vår stilling utifra det vi føler, er og tenker, — *istedenfor å regne bare med det Gud sier i sitt ord*. Og da må regnestykket vårt bli galt, fordi vår tanke og følelse er totalt forblindet når det gjelder Gud og Guds rike og vår stilling til ham. Bare på et eneste sted kan vi finne klarhet, og det er i Guds ord. I *Ordet* gir Gud oss visse kjensgjerninger og sannheter om vår frelse. Egentlig har Gud to slags ord i Bibelen som er nødvendige til vår frelse : lovens ord, og evangeliets ord.

I loven og budene krever han en *uavkortet og fullkommen rettferdighet av oss*. En rettferdighet i gjerninger, ord, tanker og hjerte. Ikke bare at vi skal være lydige og rettferdige etter Guds bud sålangt vi makter det, men fullkomne som Gud selv (Mat. 5, 48). Være som Gud selv hvert minutt av livet vårt, han som er renhet, hellighet og kjærighet tvers igjennem. Loven sier at den som er slik, skal få evig liv, men den som mangler det aller minste her, han er under forbannelsen

(Galat. 3, 10). Og her må også du prøve deg selv hvor du står — bare etter lovens ord, og ikke etter dine tanker.

Så har Gud også gitt oss evangeliets ord i Bibelen. Der sier Gud i all korthet dette : Alt det som loven nå krever av deg og dømmer deg for, det har jeg ordnet utenfor deg — i en stedfortreder. — En som er satt inn i ditt sted, og i alle synderes sted. Fordi jeg ikke fikk lovens krav oppfylt hos dere på grunn av at syndefordervelsen var total, sendte jeg Jesus ned som mellemmann og løsepenger for alle (1. Tim. 2, 5—6). Alle synder (Johs. 1, 29) og hele straffen, forbannelsen og dommen ble lagt på ham, for at du og alle skulle gå fri (Esa. 53, 5—6). Alle lovens krav ble det pålagt ham å oppfylle, for at dere ved *hans soning og oppfyllelse* kan stå rettferdige og fullkomne for min domstol (2. Kor. 5, 21). (Galat. 4, 4—5) (Rom. 8, 2—3). Og dette fullkomne og stedfortredende verk for alle syndere er *fullført av Jesus* (Johs. 19, 30).

Og det er godtatt av Faderen som fullstendig og gjeldende for alle (1. Johs. 2, 2 — 2. Kor. 5, 15).

Denne fullkomne frelse får synderen ta imot uten fortjeneste og uten verdighet og betingelser — bare ved troen alene (Rom. 3, 23—24 - 1, 16—17).

Men hvorfor møter da Gud oss med

lovens krav når vi ikke kan oppfylle dem, — og når de er oppfyllte av Jesus? Nei, han *venter* ingen oppfyllelse av oss, for han sier i sitt ord at vår natur er ond tvers igjennem, og at den hater Gud istedenfor å elske ham. Men dette kan vi bare kjenne og erkjenne ved egen bitter erfaring. Derfor gjør Gud lovens krav og dom levende for vårt hjerte, for at vi skal lære synden i oss og forbannelsen å kjenne. For uten lov er synden død. Dvs. den synes å vere ganske ufarlig — noe som vi kan rette på når vi vil. Men der loven vekker oss til virkelig kamp mot synden i liv og hjerte, der våkner synden opp til nytt liv og ny kraft. Da gjør vi den erfaring at jo mer vi står imot synden jo mer får den makt i oss og over oss. Til sist gjør vi den erfaring at det nytter ikke å bli kvitt syndene, det nytter ikke å bli god. Vi er uduelige til alt godt — også til å angre og tro. Vi fortjener bare dom og forkastelse med alt vi er

og gjør. Vi er fortapt og fordømt med alt vårt. Når vi med hjertet innser dette har Gud ved loven nådd sitt første mål: At vi står med en tilstoppet munn overfor Gud, uten noe forsvar overfor lovens dom. (Rom. 3, 19).

Men *der, nettopp der*, får Den Hellige And møte oss med evangeliet om Jesus fullbragte og uforskylte verk. Det hjerte som før var stengt for evangeliet fordi det var opptatt med sine egne håp, høver nå det livsalige ord om frelse og rettferdighet for den som bare er ugodelig og ingen gjerninger har (Rom. 4, 4—5). Der skapes troen og livet i og med at det *hører* — frelsen i Jesus åpenbarer for hjertet, og alt blir nytt.

Altså: les og hør hva Gud sier, og der du gir ham rett, der vil han føre deg inn i sin frelse og bevare deg der. Gud signe deg!

Hilsen Gudmund Hjorthaug.

Men når du ber — — (Matt. 6, 6)

Av Andreas Bø

Dette er sitat frå Jesu bergpreik. Det vart sagt om Gandhi at han las og likte å lesa Berg-preika. Men han ble ingen kristen. Kvifor?

Kva var det serleg med Berg-preika som tiltalte Gandhi? Det var sikkert lova, for samvetet, som også ein heidning har, gav lova rett i sine krav. Men evangeliet er ein heidning framand for, og skynar det heller ikkje. Like lite skynar ein ugjenfødt, som endå til ber kristen-namnet, seg på evangeliet. Og når han ikkje skynar evangeliet, vil han

heller ikkje kunna bruka lova rett, endå han meiner seg å skyna alt dette. Lova brukar han helst til å fordøma dei gjenfødde med, og evangeliet meiner han å trøysta seg til når han gjer så godt han kan. Om han då kjem til kort av og til, så vil Gud vera nådig og oversjå dette. Dette er då verre enn heidenskap. Lyset i slike er då vorte mørke. Evna til reelt å samna sin stilting er utbrent. Den frelsar dei lenge har hørt om, han har dei ikkje bruk for.

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : Stord

*S. Botnens Boktrykkeri, Stord*Red. : Amund Lid, Norheimsund
Eksp. : Margr. Skumsnes, Kårevik
Stord Postgiro : 42887, StordBladet blir sendt gratis til alle
som sender eksp. namn og adr.
Blir halde oppe med frivilj. gaver*Norsk Luthersk Lekmannsmisj. :*Formann : Olav A. Dahl,
boks 95, Stord. Tlf. 69Kass.: Sverre Bøhn, Norheimsund
postgiro nr. 68213Bankgiro : Vikøy Sparebank
Norheimsund 10093/955

Slike kan gjerne også få trøyst av det Berg-preika seier om bøn, nemleg dette at det står ein skal be, og så trøystar dei seg med at det gjer eg. Dertil så har du mange gonger vorte beden om å opna eit møte, så folk reknar deg nok for å vera ein kristen. Så meiner du å greida deg med *det du gjer* og det *folk held deg for*. Du er sanneleg kommen lenger enn ein heidning i villfaring.

Bergpreika er eigentleg adressert til truande og ikkje til uomvende : « — og der sette han seg ned og læresveinane hans kom burt til han. Då tok han til orde og lærde dei og sa : Sæle dei som er fatige i åndi» — Matt. 5, 1 - f.

Det er då det rette sinnelaget som borgarane av Guds riket har, barnekåret, me får høyra om. Det er dei som er «saltet på jordi» v. 13 og «ljoset i verdi» v. 14, og ikkje ein uomvendt. Vidare syner heile innhaldet det same : «Ver då de fullkomne, som *Far dykkar i himmelen er*» Matt. 5, 48. Sjå også om dette uttrykket i v. 16 og v. 45 i same kapitlet, og i neste kap. v.1, vers 4, vers 8, vers 9, vers 14, vers 15, vers 26,

vers 32, og i siste kapitel av talen v. 11.

Slik er også ordet om bøn retta til Guds barn : «Men når du vil beda, då gå inn i kammerset ditt og lat at døri og be til Far din som er i det dulde, og Far din som ser i det dulde skal løna deg opp i dagen». Matt. 6, 6.

Legg merke til kor tydeleg ordet er : «be til Far din». Ja, den saka bør først vera klar for deg : *Er Gud den allmekttige din Far no?* Om ikkje, kan du heller ikkje be Herrens bøn, for den tek til med : «Fader vår.»

Kva er bøn? Det er ikkje lov : No må du be, no skal du, så får du. Nei, det er Gudsbarnet sin audiens hjå Kongenes konge : «tilgjenge ved til denne nåde som me stend i.» Rom. 5, 2. Møter du Gud i bøni?

Men om du skulle døy og møta Gud slik som du er, kva då? Det er då også naturleg for ein kristen i bóna sanra si synd og utruskap i trua og seia : Herre Jesus du kjenner meg, og så å ausa ut det som er i hjarta for nådetruna. Der må du sanna for Gud at det var rettferdig av Gud om han ikkje ville høyra på deg lenger, men der får du også nåde på nytt.

Og er det ikkje ordet løftesordet som du gjerne siterar for Gud. Det vesentlege i bóna blir då ikkje det *du* seier, men det *Gud* har sagt. Den Heilage Ande gjer Ordet levande, og du går styrkt og glad ut i livet.

«Det er dykkar åndelege gudstenes-ta», seier Paulus i den Heilage Ande, «at de må bjøda fram lekamane dykkar til eit levande, og heilagt offer, eit som Gud har hugnad i.» Rom. 12, 1. Kroppen vår, er den noko for Gud? Ja, det står slik : « — eit offer — som Gud har hugnad i.»

Daniel bøygde kne regelmessig tre gonger for dagen. David nemner og bøn tre gonger om dagen : «Kveld,

morgen og middag vil eg klaga og sukka.» Salme 55, 18. Så store menn, med så fremrakande stillingar tok seg tid og gjorde bruk av bøn, kvifor ikkje du og eg, småkårsfolk som me er?

Hallesby sa i ein av sine taler i radio, at kristendomen hadde forenkla seg for han til dette: Å få gå til Gud og seja til Han kor dårleg det står til med min kristendom. Det blir lik David: «Klaga og sukka», men så på ny å få takka for kva Ordet seier om Frelsaren vår.

Eg høyrd Dåsvand sa ein gong, — eg kunne vel vera ein 15—17 år då, — at får du ikkje tid om dagen, så ta natta til hjelp. Gud skal nok signa svevnen så du får styrke til neste dag. Set

deg gjerne opp i senga, og ha eit pled om skuldrane så du ikkje blir kald.

Gud har gitt oss den nåde å be i Jesu namn og for Jesu skuld. Han har også gitt oss ord om korleis me best kan be: «Men når du vil beda då gå inn i kammerset ditt» Der kan du ta den tid du treng og be for kven du vil og slik du vil.

Det er Guds ånd som driv oss til å be, men du skal få sjå at det vil koma mange hindringar for regelmessig løn-kammerbøn. Skunda deg avsides i tide!

Guds kall til bøn i einrom, det er nok Guds meining med den lange ventetida. «Velt alle dine veier og all din hjertesorg på ham som har i eie den hele himlens borg.»

Og Far min er vingardsmannen

Av Amund Lid.

(Johs. 15, 1—2)

Er du ein av dei mange som stir og lir med spørsmålet om du er ein rett kristen eller ikkje, så vil eg be deg om å leggja merke til korleis Gud — vingardsmannen — behandler deg. Jesus fortel her at vingardsmannen behandler ikkje dei greinene som ber frukt og dei som ikkje ber frukt likt, så det skulle vera eit usvikeleg merke på om du er frelst eller ikkje, å finna i Guds handlemåte med deg. Då eg trur at du som lever her har mange fleire brør og systre som stir med dette spørsmålet enn me anar, så vil me prøva ta fram litt av det skrifta seier om dette, med bøn og tru om at det kan bli deg til hjelp.

Kvar grein på meg som ikkje ber frukt.

Om denne greina seier Jesus ganske

kort: *Den tek han bort.* Då blir det første spørsmålet for oss kva det vil seja at Gud tek greina bort?

Det vil ikkje seia at Gud tek deg bort frå livet her på jorda, eller at han ja-gar deg ut av kristenflokken. Nei, du får vera båe stader så lenge levedagane du er etla, varer.

Men det tyder at Gud alltid overtyder deg ved *sin Ande og sitt ord*, om at du er ingen rett kristen — at forholdet ditt til Jesus er ikkje rett. Det vil du merka når *du les Guds ord*. Når og kvar du les så finn du berre ord som kjem med krav og dom, og som gir næring til di indre og lgynde frykt og overtyding om at du lever ikkje i rett forhold til Jesus. Ordet om Jesus derimot er fort lese og lært, og gir deg inga trøyst og kvile, fred og gleda.

Slik er det også når du *høyrer Guds ord forkynt*, og når du *høyrer vitnemåla* frå dei som lever godt med Jesus. Då kjenner du deg utanfor og dømd, og du har ei kjensle av at forkynnaren og dei som vitnar dømer deg og ikkje godkjener deg som kristen. Dette fører til at du lyt forsvara deg mot Anden si overtyding, Guds ord og Guds vitne, og du må stri for å bli godkjend som kristen. Denne striden viser seg i at du ikkje toler vitnemåla og blir arg på vitna. Du leitar etter feil ved dei og det dei vitnar som kan gi deg trøyst om at dei er ikkje betre enn deg, og du tenkjer vondt om dei, talar vondt om dei og held deg borte frå dei. Eit visst merke på at du er ei uekte grein på Jesus er at du må stri i mot Anden, ordet, vitna og andre menneske for å over tyda deg og dei om at du er ein rett kristen. Ein rett kristen treng ikkje det, for han harapt alt så han ikkje har noko å berga, og er overtydd av Gud om at han er frelst ved trua på Jesus kva så andre seier.

Ikkje så sjeldan møter me menneske som er så lik den fruktberande greina i syn, tru og liv, at me trur dei er kristne. Men så ved eit gitt høve kjem taien inn på ein som lever nær Jesus, då kjem det fram at inst inne i hjarta likar dei ikkje og kan ikkje tola vedkomande — ein motstandar sitt sinn og hjarta blir openbert. Dette sinnet er eit usvikeleg merke på ei ufruktberande grein. Du finn eit bilet av deg i Jesu likning om den heimeverande sonen og i farisearane og dei skriftlærde, som den heimeverande sonen er eit bilet på (Luk. 15, 2—3). Studer hans Ånd og sinn mot faren (Gud), mot den frelsebroren, og farisearane og leiarane på Jesu tid og deira ånd og sinn mot Jesus og dei som levde i trua på han.

I Jesu brev til menigheten (Openb. 2 og 3 kap.), der finn me også eit og fleire bilete av ufruktberande greiner: Menigheten i Efesus, Sardes og Laodikea. Deira hjarta, tru, trøyst, kjærleik og tillit var fest til kristennamnet, kristenlivet, arbeidet og tenesta, deira gjerningar, det dei måtte tola, lida og bera for Jesu namn skuld — *i staden for til Jesus*. Alle veit vel i vår tid at alle slike ting frelsjer oss ikkje, men spørsmålet er kva *hjarta* gled seg i, lever i og finn trøst i. Er det din kristendom og alt som fylgjer med den, eller er det evangeliet om Jesu liv, sår, blod og død og oppstoda? «Prøv deg vel, det gjelder livet.»

Når eg høyrer på mykje av det som blir forkrynt og les våre kristelege blad, då blir eg redd. For skrifta seier at det hjarta er fullt av, det talar munnen. Samanliknar du blada i dag med gamle årgangar frå 40—50 år tilbake i tida, då ser du utviklinga.

Når vingardsmannen behandler deg slik som me her har nemnt litt om, så har han *eitt* mål for auga, og det er å frelsa deg. Gir du Gud rett og gir opp kampen og motstanden, så vil du bli frelst. For det står: «Kalla på meg den dag du er i naud, så skal eg fria deg ut, og du skal prisa meg.» (Salme 50, 15).

Men fortset du kampen imot Gud og hans vitne, for å berga deg og ditt, så vil vingardsmannen ein dag ta greina og kasta henne i elden der dei græt og skjer tenner og ormen aldri dør og elden aldri sloknar.

Den greina som ber frukt.

Den reinsar han, så ho skal bera meir frukt. Er du ein av dei, då er du gjenstand for vingardsmannen si omsorg, under Fars tukt til ditt gagn. Den sy-

nest ikkje, medan ho står på, å vera til glede men sorg, men sidan gir ho dei som derved blir oppstamde ei fredrik frukt som er rettferd. (Hebr. 12, 5–11).

Så blir spørsmålet for oss: Korleis kan eg vita om eg er under vingardsmannen si omsorg, reinsing og tukt?

Her tek me med eit bilet frå naturen. Ei tid dreiv eg planteskule, og mellom anna dreiv eg fram rosetre. Dei blir pota inn på unge klungerplanter lågt nede under jorda. Når våren kjem blir klungerplanta klipt av rett over det vesle auga, og det veks opp til ei ny plante. Når den har tre blad så kjem vingardsmannen og klipper det av, og det veks ut tre nye skot. Når kvar av dei har tre blad så er han der att og klipper dei av, og slik held han fram til treet er ferdig for sal når hausten kjem. Så selde eg rosene kring i bygdene.

Det hende sidan at eg kom tii ein heim der dei hadde kjøpt rosetre av meg. Då sa dei at rosene eg kjøpte av deg har vakse godt, men rosene me såg første året og kanskje litt det andre, dei er borte nå — kva er årsaka?

Då laut eg seja at det er vingardsmannen som har forsømt arbeidet sitt. De såg det vaks opp kraftige skot frå rota og let dei veksa. Det var klungeren som vaks opp og kjøvdie den edle rosa, den blei veik og overlevde ikkje vinteren. Og klungeren rådde grunnen åleine att. Dette kan tena som eit bilet på livet i Gud og vingardsmannen sin gjerning i ein kristens liv.

Knoppen som blir pota inn, eller sædet som blir sätt i syndaren sitt hjarta, det er Guds ord — evangeliet om Jesus. Jesus seier at «noko av sædet fall mellom klunger» (Matt. 13, 7). «Den som bind oss, og dykk med, fast til Kristus,

og som salva oss, det er Gud —» (2. Kor. 1, 21).

Er du ein sann kristen, etterfødd ved Guds ord som lever og varer, så vil du røyna at to slag renningar vil veksa fram frå hjarta ditt. Eit slag frå ordet eller evangeliet om Jesus, og eit anna slag frå klungeren — den gamle og medfødde natur. Ved Guds dyre løfte har du fått del i guddomeleg natur, som viser seg i at du vantrivst i synda, fryktar henne og flyr frå henne (2. Pet. 1, 4). Dertil viser den seg i kjærleik til Jesus, Ordet og Guds folk, tru og tillit til Gud og hans ord, gleda i Herren, fred, frimod, taksemrd, truskap, fråhald, i eit tilgivande sinn o.s.v. Men frå di gamle natur — kjøtet — der veks andre renningar fram i sinn og tankeliv, som vil ha plass i kristenlivet: Lyst og kjærleik til synda, vonde tankar, vantru, tvil, lettisinn, kulde, likesela, missunning havesykja, missnøye, sladder, sut, klage, motvilje mot Gud og hans ord, eigenkjærleik, hugen til å vera noko overfor Gud og menneske o.s.v. Har du lys frå Gud over ditt hjarteliv og kristenliv, så kan du nok leggja mykje til denne lista.

Når gartnaren ser klungerrenningane skyta opp frå rota, så riv han dei av med hard hand, for å gi leve- og veksekår for den edle rosa. Her kjem også vingardsmannen sitt arbeid inn, for å bevara livet med Jesus og gi vekst og frukt.

Den reinsar han.

Du har vel røynt at du kjenner ulyst til å be og lesa Guds ord når du er ålein, og står du overfor andre menneske så kjem tanken på å be godt. Når det er over, så kjenner du ei gleda over at det er gjort eller over at det gjekk godt. Gjekk det därleg, så kjenner du noko

som krympar og vrir seg og du tenkjer og lovar at dette skal ikkje gjerast om att. Samstundes som du kjenner ulyst til Ordet, så kjenner du lyst til verdsleg litteratur, til fjernsynet framfor å høye Guds ord, til verdsleg underholdning framfor samveret om Guds ord. Skal du vitna om Gud, så lid du under tanke på å gjera det godt, og når du er ferdig, kjenner du noko som gled seg over at du gjorde det bra eller som vrir seg over at du skjemde deg ut. Og heime i lag med mann eller kona, foreldre eller barn, ser du kor du er utolmodig, sint, bitter, misnøgd, snyt og klagar. I forretnings- og arbeidslivet kjenner du hugen til urett vinning, fusk, missunning, koma unnan skatt, bryta det du har lova o.s.v Du ser tanken sine synder og tunge sine synder, og alt det som er gjort og ugjort. Då kjem ofte tanken: Kan eg vera ein kristen som er slik, og tenk om dei andre visste korleis eg er, så ville nok ingen tru eg levde med Gud.

At du ser dette, lid under dette, og lengtar etter å vera onnorleis, det vitnar om at vingardsmannen arbeider med å reinsa deg. Det er han som dømmer og dødar, ved å dra fram i lyset det vonde som bur i deg. Tek du kampan opp mot dette for å bli god, då vil det få meir makt og veksa frodigare, for synda si kraft er lova. Men flyr du til Jesus, så vond du er og så vanmekting du kjenner deg, då vil du få røyna at hjarta vert styrkt ved nåden i Kristus Jesus. Du ser at synda er sona, straffa er liden, gjelda er betalt, og du har fått lækjestdom i Jesu sår. Når lyset frå evangeliet lyser inn, blir du rein i samvitet, og synda taper si makt. Gud dreg dagleg ditt gamle menneske fram i lyset og krossfester det, så det ikkje skal få utfolda seg etter si natur. Når

røvaren blei krossfest, då kunne han ikkje lenger utfolda seg etter si vonde natur, og då leid han det han hadde fortent. Men når han vende seg til Jesus i erkjenning og anger, då var der inga fordøming for den som er i Kristus Jesus. Ved trua på Jesus gjekk han inn i Paradis.

Om du har røynt desse to ting: At du ser di synd, lid under den og flyr til Jesus, og at du finn liv, trøyst og lækjestdom i evangeliet om Jesus, då er du midt i vegen til livet. Den greina som ber frukt, den reinsar han så ho skal bera meir frukt. «Og bløder enn grennen, den bærer dog frukt». Då vil du veksa i nåde og kjenskap til din herre og frelsar. Du veks i syn på synda som bur i deg og ditt eige usle «eg», og i syn og tru på Jesus, og blir bunden til han i kjærleik, gleda, fred, langmød, godeleik truskap, spaklynde og fråhaid. Du vil vel helst sjå di eiga synd og din eigen fattigdom, at du er uverdig og ufullkommen, medan andre vil sjå frukta og veksten i nåden. *«Den som er i meg, og eg i han, ber mykje frukt».* (Johs. 15,5)

Ein dag eg gjekk heim frå ei samling kring kista til ei gamal kona på nabogarden heime, saman med kona mi og bror min, gjekk me forbi eit rosetre på veggen til naboen. Då sa kona mi: «Nei, sjå alle dei villskota»! Då vakna gartnaren i meg, og eg rette ut handa for å riva av villskota. Då ropa bror min: «Det skal du ikkje gjera! Dei forstår ikkje at det er villskot, og så trur dei at du øydelegg rosa deira av berre vondskap. Du skulle vel ha så mykje røynsle av å ta vilskota til folk at du veit dets? Då let eg handa siga, og skota står der framleies og gjer si øydeleggjande gjerning. Eg såg dei sto i haust eg gjekk forbi

Men då eg kom heim møtte Gud meg

med eit spørsmål. Gjer du slik også med mine barn, når du ser villskota som øyder Gudslivet deira? Dei forstår heller ikkje alltid min handlemåte og kva som tener dei best, og vil du forsøma den gjerningen eg har kalla deg til avdi du vil stå på god fot med dei og berge ditt gode namn og rykte? Det er berre leigetenaren som flyr når han ser ulven koma, og let fåra vera der dei er.

Det var ikkje godt å svara på for meg. Eg fekk merka vingardsmannen

ei tukt, men også lækjedomen i Jesu sår.

Korleis gjer du, du som er kalla til forkynnar og hyrde i Guds rike? Eg er mykje redd at me har mange leigetenerar som ser meir på si eiga æra enn på det som tener sauene, og få hyrdar som har omsut for sauene og set livet inn.

«Eg er det sanne vintreet, og Far min er vingardsmannen. Kvar grein på meg som *ikkje* ber frukt, tek han bort, og kvar som *ber frukt*, reinsar han, så ho skal bera meir frukt.»

Solgt som træl under synden

AV Rosenius. (Dansk utgave.)

Forts. fra forr. nr.

En slig opfattelse bør kun finde sin anvendelse på vort levned, som mennesker ser det, og ikke på vårt forhold til Gud.

Gud dømmer anderledes. Gud siger: Du må *ikke* begære. Gud krever hjertets og tankernes renhed. Desuden vil synderen altid have en følkelse af, at han med tilbørlig alvor kæmper mod sine begæringer, men altid til en vis grad holder hånden over dem, skønt den hellige Gud alvorligt og under trusler forbyder det.

«Men hvem har nogen sinde understået sig at sige, at det er *vilkårligt*, hverken godt eller ondt, — om end et fuldkomment samtykke ikke foreligger — at tvile om Guds vrede, om Guds nåde, om Guds ord, at vredes over Guds domme, at tage det fortrydeligt op, når Gud ikke straks griber ind og redder i ulykkens stund, knurre, forsi det går de gudløse bedre end de fromme og gudfryktige, at æggges til vrede, at ken-de lysten til utugt, letfærdighed, ærger-

righed, at henge ved gods, penge og ejendele — og meget mere i samme retning, alt dette finder dog de gudfryktige mennesker hos sig *selv*, hvilket klart fremgår både af Salmernes og Profeternes bøger». —

Også de gudfryktige — ja! Thi det er os medfødt og ligger i vår natur på samme måde som trangen til å spise, drikke og sove.

Enten jeg vil det eller ej, må jeg trækkes med synden. Jeg er ikke fri, «jeg er kødelig, solgt som træl under synden — det gode, som jeg vil, det gör jeg ikke, men det onde, som jeg ikke vil, det gjør jeg». Det var Paulus klage, og alle troende sukker bestandig over det samme. Herren siger om menneskets hjerte, at dets higen og trakten er ond dagen lang. Han siger ikke, at mennesket efter behag kan være enten ondt eller godt, men at dets hjertes higen og trakten *altid er ond*. Dette er at være «solgt som træl under synden».

Betegnelsen «den frie vilje» har den imidlertid beholdt, for di den en gang

har været fri og ved Guds nåde etter skal blive det igjen.

Derfor må man opgive al tiltro til sig selv, ikke tænke højere om sin egen kraft og evne, end om man havde manglet hender og fødder, samt således anråbe Gud om hans almæktige nåde. Hvo, som lærer eller selv gør forsøg på roget andet, han farer vild og forfører både sig selv og andre — ligesom de gør, der siger: «Kjære, du har jo en fri vilje, gør så meget, der står til dig, Gud skal nog gøre sit» — og mener, at man ikke skal ráde folk til at fortvivle.

Nei, i sandhed, ingen bør ráde folk til at fortvivle. Men der er en forskel, og denne forskel burde man gøre sig klar. *Ingen bør mistivle om Guds nåde*, men mod hele verden og alle synner bestandig sætte sin lid til Guds hjælp. Men *på sig selv bør man se med den dybeste mistillid* og i ingen henseende stole på sin frie vilje, ikke en gang så meget som til at gjøre den allermindste gerning.»

I sin Evangelie-postille nr. 89, 29 siger Luther: «Manden, som lå halvdød, såret og nøgen, er Adam og alle os andre. Røverne er djævlene, som har såret og plyndret os og ladet os ligge halvdøde. Endnu kan vi røre os lidt, men ikke ved egen hjælp komme på benene igjen. Og bliver vi således liggende, vil vi i vår store nød forsmægte og dø. Denne lignelse har meget at sige os. Den maler os riktig for øje, hvad vi er og formår, vi med vor ophøjede fornuft og vor frie vilje. Havde den stakkels sårede mand gjort forsøg på at hjelpe sig selv, så havde han blot revet sårene op og derved forøget sin nød. Og var han blevet liggende, hvor han lå, så havde han også da været fortabt. På samme måde med os, om vi bliver overladt til os selv. Det er ude med os, hvor-

dan vi så end bærer os ad.»

I prædiken nr. 4, 20 siger han: «Hvor den blotte natur er, der er det umuligt at holde Guds lov. Og grunden dertil er den, at mennesket efter Adams fald i paradiset er fordærvet, gennemtrængt af idel ond lyst til at synde, og kan ikke af hjertet være loven hengiven eller velvillig stemt. Alt dette ved vi af egen erfaring. Thi der er ingen, som ikke ville foretrække, at der ingen lov var til, og enhver ved med sig selv, at det er svært (for kødet) at være from og gøre det gode, og modsat, at det er let at være ond og gøre det onde. Det er derfor, vi ikke holder Guds lov. Og således overbevises vi af vår egen erfaring om, at vi er onde og ulydige, elsker synden og hader Guds lov.»

Og i prædiken nr. 97, 20: «Hvornår handler du mod en anden, som du vil, at denne skal handle imod dig? Hvem elsker sin uven af hjertet? Hvem vil gerne og frivilligt dø? Hvem tager gerne mod hån og foragt? Kære, nevn mig en eneste, som gerne vil have et ondt rygte eller leve i fattigdom. Naturen ræddes, forskräckes og unddrager sig.

Ja, du finder sandelig ikke en eneste, som elsker Gud af hele sit hjerte og sin næste som sig selv. Vel kan det ske, at æktekeller kan leve sammen i fred og fordragelighed. Men det varer ikke længere, end til du føler dig gået for nær af den anden. Da skal du snart få se, hvad din kærlighed til ham er værd! Så langt Luther.

Sådan er nu en gang vor natur. Lad os aldrig glemme det. Som allerede påvist stammer al slags ondt, kødelig sikkerhed så vel som fortvilelse, fra den falske forestilling om vår evne til at gøre det gode.

Men på den anden side: Hvilken

gavnlig ydmykelse — og hvilken salig fred, hvile og sabbatsro for sjælen, når det går op for mig, at jeg *slet intet* formår, hverken at tænke eller ville, frygte eller tro, elske eller udrette noget som helst, men at alt, alt er idel nåde og gave, lige fra først til sidst — alt er nåde og gave gennem Jesus Kristus, vor Herre. Hvilken salig fred, hvilken sabbatsro for sjælen at have både sin retferdighed og sin styrke i Herren allene !

I kasteskovlen

Mel.: Jeg vet en hvile så skjønn og lang
I kasteskovlen i Herrens hånd
Gud la meg altid få være
så jeg kan døpes med Kristi ånd
og hellig visdom få lære.
Ja, alltid frelst som en fattig synder
og aldri bygge på falske grunner
min hjertefred og salighet.

I kasteskovlen med ånd og ild
Gud Herren renser sin hvete.
Alt som er agner han brenne vil
for over dem er Guds vrede.
Han hjertets tanker og råd ransaker
det sanne såkorn kun han behager.
Ved ordets sverd blir prøvet dets verd.

I kasteskovlen på Guds ords grunn
Guds Helligånd åpenbarer
min sanne stilling i farlig blunn
i satans listige snarer.
Når jeg med nidkjærhet Herren tjener
og uten skjønsomhet tror og mener
som Israel at alt er vel.

I kasteskovlen der får jeg se
Guds lov er hellig rettferdig.
Der alt mitt eget må brennes ned

og jeg står dømt og uverdig.
Å salig sannhet her vil jeg leve
i frykt for Herren skal hjerte beve
med takk til ham som gav Guds lam.

I kasteskovlen når jeg får se
min synd er Jesus tilregnet.
Hans liv er mitt det er rent som sne
og Gud har slik det beregnet.
Da vil og kan jeg min frelser tjene
hva enn så andre må tro og mene.
I ham blir jeg og Han i meg.

Kristoffer Høye.

Som döyande, og sjå, me lever

(2. Kor. 6, 9)

Gud let ofte sine barn bli kraftlause
og nedtrykte, så alle meiner at nå er
det forbi med dei, nå er det snart ute
med dei. Men i same stund er Guds
kraft størst hjå dei. *For der menneske si eiga kraft går ut, der går Guds kraft inn,* når trua er tilstades og dei
ventar på Gud.

På andre sida let Gud sine fiendar
komma seg opp og bli store og mektige.
Han dreg si hjelp tilbake, og let dei
blåsa seg opp i eiga kraft. *For der menneske si kraft går inn, der går Guds kraft ut.* Når så blæra er full, og alle
meiner at dei er ovanpå og har sigra,
kjänner seg sterke og ferdige, då stikk
Gud hol på blæra og det er ute med dei

Slike dårar veit ikkje at nett når dei
kjem seg opp og blir sterke, då forlet
Gud dei, og Guds arm er ikkje med dei.

Luther.

Jesus sitt hjartelag mot syndaren

Av Jakob Traasdahl

«Gløymer vel ei kvinna sogbarnet sitt, so ho ikkje miskunnar den ho bar under hjarta? Om endå dei kunne gløyma, so gløymer ikkje eg deg. Sjå her, eg hev teikna deg i hendene mine - » (Esa. 49, 15—16).

Slik melder vår store øvstепrest seg gjennom profeten, då han frå himmellens opphøgde sete såg ned på vår fortapte jord, og er ferdig til å frelsa verda sine fortapte barn frå deira synd og sorg. Og for at denne store øvstепresten sitt bilet skal festa seg i hjarto våre, så vil me sjå på nokon av dei stadene der skrifta viser hans hjartelag og forhold til syndarane.

Sjå han i fariseraren Simons hus, korleis han gjorde seg stor for den arme og syndefulle kvinna, som trøng om hans hjelp. Ho var kanskje den einaste i det laget som trøng om han, for ho var ei verkeleg syndefull kvinna, — og sjå, kor nådig Jesus tok seg av henne. Ho hadde ikkje, som farisearen i templet, eit heilt lager av gode gjerningar å visa fram. Ho kunne heller ikkje stilla seg i klasse med Simon og gjestene hans, men ho hadde eit hjarta som trøng om frelsaren — eit syndarhjarta som tørsta etter frelse og forklaring. Og ho trengde seg ikkje til fānyttes fram for Jesu føter, for han var ein øvstепrest som passa for henne. Alle andre prestar ville kanskje vendt seg frå henne i avsky, men han som var komen for å frelsa det fortapte, han auste heile sitt fulle og ømme frelsarhjarta over henne. Og ho forlet han full av kjærleik og liv, for hennar mange synder var henne forlatne. Om nokon spurde henne kvifor ho frå no av kunne vera så glad og ha slikt frimod, så kunne ho

med sanning svara: «Me har ein stor øvstепrest over Guds hus.»

Sjå også kvinna ved Jakobs brunn! Vår store kjærleiks-helt sit trøytt og utmatta ved brunnen, då ho kjem for å draga opp vatn. Han innleida det for kvinna så sæle kjennskap ved å be henne om drikka, og då ho undrast over at han som jøde kunne be henne om drikka, kom han fram med hjartemålet og sa: «Dersom du kjende Guds gāva, og visste kven han er, han som bed deg om drikka, so bad du han, og han gav deg levande vatn». Sidan drog han fram i ljoset ting som var gøynde i hjarta hennar, og gjorde henne til ei syndefull kvinna, og openberra for henne at han var Messias. Det førde med seg at kvinna drog mange av folket på staden til Jesus, han som ho elskar så inderleg av di han hadde elskat henne først. Var ikkje Jesus ein stor øvstепrest for henne?

Me kan også nemna den tredje kvinnen — ho, som Jesu finendar grep midt i synda og stilte fram for den levande nädestolen, for å setja han fast og føra vanvyrdnad over han. Og me kan tala om den fjerde kvinnen — Maria Magdalena, som Jesus dreiv sju djevelar ut av og som var den første som fekk sjå og tala med Jesus etter oppstoda. Men me let dette vera nok for å visa og vitna om at me har ein øvstепrest over Guds hus, som er stor og vel skikka til å frelsa arme syndarar.

Sidan me då har ein stor prest over Guds hus, så lat oss stiga fram med stort frimod. Han vinkar på oss frå det høge og har opna sitt hjarta for oss i den glade bodskapen der han seier: «Nøy dei til å koma inn».

få tilsendat eit brevkort med melding om kva tid bussen vil vera der.

Sumarskule på Avaldsnes ved Hauge-sund 3. -- 7. august. Talarar : Reidar Linkjendal, Amund Lid og Godtfred Nygård. Innmelding innan 25 juli til Karl Hjelmås, Avaldsnes.

Nytta ferien til ein av våre sumarskular, og ta borna med, for unge og eldre høyrer saman og treng om kvar-andre. Pris for opphaldet på sumarskulane, sjå førrre nr. av bladet.

Hjarteleg velkomme !

Sumarskulane 1966

Sumarskule på Varhaug, Jæren 29. juni — 3. juli. Talarar : Ole Brandal, Jon Berg og Amund Lid. Innmelding innan 20. juni til Holger Kjølvik, Var-haug, tlf 86209, Nærbo.

Årsmøte og sumarskule i Namsos 20.—24. juli. Talarar : Jon Berg, Ole Brandal og Gudmund Hjorthaug. Inn-melding innan 10 juli til Magnar Aan-dahl, Namsos, ltf 2530. Om mange nok melder seg på, kører det buss frå Sannidal tirsdag 19. juli kl. 7.00 om Oslo til Dombås ungdomsherbyrge der dei overnattar. Likeeins kører det buss frå Koparvik om Kinsarvik til Sjoa ungdomsherbyrge der dei overnattar. Sør frå Stavangerkanten tek de Hau-gesund frå Stavanger (Jorenh.kaien) tirsdag 19. juli kl. 7.00 til Kopervik, der tek de turbussen som kører frå Ko-pervik kl 9.00

Opphaldet på ungdomsherhyrga for overnatting, kvelds og frukost kostar kr 13,50 for kvar veg. Sovepose eller seng-klæde held ein seg sjølv. Så heile reisa kjem på : Frå Sannidal kr. 127,00, og frå Kopervik kr. 175,00. Prisen blir den same for alle, kvar du så stig på. Send innmelding så snart du kan, og seinast innan 1. juli, til Leif Øygarden, Sannidal eller Karl Hjelmås, Avaldsnes. Ver så venleg å sei frå ved innmeldinga kvar du vil stiga på bussen, og du vil

Trekning !

Ein jakke utloddet ved Jon Berg, ble-vunnet av Tobias K. Gletten, Tingvatin.

LYDBANDSENTRAL

Styret har vedteke å skipa ein lydbandsentral for avspeling og spreiling av lydbandkopiar* av talane ved sommarskular og elles. Margrete Skumsnes, Kårevik, Stord, tek seg av dette arbeidet og sender slike kopiar til dei som bed om det. Prisen blir det bandet kostar, for 1800' band kr. 26,— + porto.

RETTING

I nr. 2 av bladet s. 16 står overskrifta: Korleis er me så, og blir ei fruktberande grein,

Skal vera : ei ufruktberande grein.